

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG NORD-NORGE</b>		
<b>Møtested:</b>	Radisson Blu Hotel Tromsø	
<b>Dato/tid:</b>	Tysdag 08.11. kl 11 – onsdag 09.11 kl 15	<b>Protokoll: 02/16</b>
<b>TIL STEDE:</b>		
<b>Arbeidsutvalg Nord-Norge:</b>	Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Merethe Sund, Endre Østbø og Svein Slåtsveen.	
<b>Regionutvalg Nord-Norge:</b>	Bjørn Tore Søfting, Stine Jelti, Jan Håland, Andreas Mathilassi, Jørn Vidar Romsdal, Morten Fredriksen, Anton Sandmo, Paul Johansen, Siri Folven, Audun Johnsen, Jan-Tore Aronsen, Per-Arne Slettmo, Elbjørn Pettersen, Vegard Svendsen, Birgitte Rørvik Bruun, Øyvind Hansen, Grete E. Arntsen, Gunnar Fredriksen, Elin Hansen Vik, Einar Kristiansen, Fred Tore Fagereng, Sissel Haraldsvik Johansen, Glenn Knædal, Tove Benjaminsen, Ragnhild Engan, Ole Magne Berg, Bjarne Johansen, Jan Storteig, Frøydis Forsmo, Jan Albert Steindal, Jørn Ellingsen, Wanja Rakvaag, Kjell Magne Sandmo, Merethe Hjerpbakk, Liv Kari Huskebakk, Odd Even Pedersen, Kåre M. Gjesbakk, Jens Rydsaa, Øyvind Knapstad, Sigurd Langfors, Endre Østbø, Olaf Paulsen, Per A. Nesjan, Peter D. Nikolaisen, Merethe Sund, Bernt Andreassen, Roy Harry Dypaune, Eli Horsberg, Lisa Juliussen, Dag Ove Ingebrigtsen, Berit Hundåla, Frode Bjørnå og Trygve Fridheim.	
<b>Valgkomité Nord-Norge:</b>	Einar Kristiansen, Wanja Rakvaag, Ajna Nystad, Jan Håland og Øyvind Knapstad	
<b>Andre:</b>	Else Norheim (sentral valgkomité)	
<b>Forfall:</b>	Markus Heiberg (vara Stine Jelti møtte), Mona Henriksen, Jon Evald Hætta (vara Jørn Vidar Romsdal møtte), Trond Vidar Jenssen (vara Jan-Tore Aronsen møtte), Ninni Monsen, Steinar Gamst, Hans-Marius Walør, Bernhard Halvorsen, Sølvi Christensen, Rune Sandvik, Willy Andre Wold, Jan Gunnar Eilertsen, Ketil Christoffersen, Bente R. Børsheim (vara Per A. Nesjan møtte), Sigfred Grønbech (vara Bernt Andreassen møtte), Gro Estensen, Harald Nilssen, Olav Elsvatn (vara Lisa Juliussen møtte), Lillian Sæterstad (vara Dag Ove Ingebrigtsen møtte), Anne Mai Olli (vara AU) og Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen).	
<b>Konsernstyret:</b>	Teig Madsen og Johan Narum	
<b>Administrasjonen:</b>	Hans Thorn Wittussen, Svein Inge Jakobsen, Arne Flatmo, Pål-Kenneth Løvås, Kristine Fosli (dag 2), Kjell Rakkenes (dag 2) og Brit Kari Eidseflot Hauger	
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
1	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Bernt Mikalsen ynskte velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>Siri Folven og Odd Even Pedersen vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</b></p>

<p>2</p>	<p><b>Regionutvalsleiar sin tale</b></p> <p>Bernt orienterte om møta i arbeidsutvala. Tema har vore brev til styret vedk Nord-Norge trekket, oppnemnt ressursgrupper og ansvarskretsar. AU var i august på omvisning på Karasjok-anlegget, saman med kretstillitsvalde i Finnmark. AU-medlemar har deltatt på møter i kretsutval. Pål Ove Wika har deltatt på konsernrådsmøte. Innspel til strategiplan for Nord-Norsk landbruksråd. Referat frå AU-møta vert lagt ut på nettsida her: <a href="https://medlem.nortura.no/organisasjon/nytt_fra_ru/">https://medlem.nortura.no/organisasjon/nytt_fra_ru/</a> (må vere innlogga for tilgang).</p> <p>Møtet i dag har fokus på marknadssituasjonen for småfe, samt informasjon om Nord-Norge trekket. Styret har gjeve tilbakemelding på at dei vil gje svar på brevet frå AU i samband med leveringsvilkåra for 2017. Oppfordra til å ikkje vere for bastant på å fjerne Nord-Norge trekket, då det kan få større konsekvensar. Prisløype lam har elles engasjert mange.</p>
<p>3</p>	<p><b>Økonomi- og driftsorientering</b></p> <p>Johan Narum orienterte om resultat pr 2. tertial, konsernbalansen og hovudtrekk pr 2. tertial. Kontinuerleg forbetring har stort fokus i drifta. Hovudutfordring er vekst og bruttoforteneste. Brannen i Tønsberg medførte eit markant utslag i pølsealet. Forsikringsoppgjær på fysisk installasjon og avbrottsdekning. Målet om etterbetaling og rullering av medlemskapitalen ligg fast. Nortura sin nye IT-plattform, med tiltak for å auke konkurransekrafta. Nortura må no fokusere på kjerneverksemda.</p> <p>Teig Madsen orienterte om prognose og marknadbalansen for 2017. Fortsatt rom for vekst for storfe. Fantastisk respons på levering frå lammeprodusentane. Ferskvaresalet i lammesesongen er 7,1 % betre enn fjoråret. Mogelegheiter innan lam framover. Mogeleg delt varestrøm for egg.</p> <p>Hans Thorn Wittussen orienterte om lammesesongen, med sal og prisløype. Færre lam over 23 kg. Dilemma med prisløypa. Akkumulert leveranse av lam frå Nord-Norge, målt mot fjoråret. Korleis prisane har slått ut mellom produsentområda. Vidare om landbrukspolitikken, med Jordbruksmelding for 2016 – 2021. Kva oppgåver skal norsk landbruk ha. Felles innspel til jordbruksmeldinga frå KLF og Nortura.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Per A. Nesjan, Berit Hundåla, Vegard Svensen, Einar Kristiansen, Pål Ove Wika, Olaf Paulsen, Siri Folven, Gunnar Fredriksen, Audun Johnsen, Ragnhild Engan, Jan Storteig, Merethe Sund, Svein Slåtsveen, Frøydis Forsmo og Jan Håland.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bondelaget vert framheva, medan Småbrukarlaget vert ikkje nemnt. Drøyt å påstå at Bondelaget ligg fremst i klimaspørsmålet.</li> <li>• Slaktekostnad småfe? Var linjeklipping ei kostnadssparing? Skryt av sauebøndene i Nord-Norge, men også sagt at vi skal arbeide for ferskt kjøt i marknaden heile året. Også signalisert at pris frå nyttår skal ned. Gjev signal om at det må fôrast kraftig no, i staden for å ha lam tilgjengeleg fram mot påske.</li> <li>• Pølseproduksjon i Målselv: Brannen viser kor sårbart det vert med færre anlegg. Viktig at pølseproduksjonen vert oppretthalde der vidare.</li> <li>• Nord-Norge trekket: RU-møtet i vår var ikkje veldig bastant, men fremma at det bør vere ein diskusjon i styret. I stiftingsdokumentet står det at det bør vere lik pris i løpet av 5 år. Dette bør ikkje vere diskusjon i årsmøtet, men styret.</li> <li>• Korleis går det med tanken om våre produkt i Felleskjøp-butikkar, og i eigne butikkar i større byar?</li> <li>• Sit dagens IT-ansatte i Trondheim i dag, eller må dei flytte no?</li> <li>• Har vi strategi for å få selt lageret av store lammelår?</li> <li>• Betre resultat i år enn i fjor, men viser berre at kostnadsjakta er vellukka. Årsresultatet i Nortura prega av fortløpande utbetaling. Er ei utfordring når ein diskuterer årsresultatet. Betre i år, der 100 mill vert halde attende. Skryt for kostnadsreduksjon.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leveringsvilkåra er eit eige budsjett, og brukast m.a. for å knyte til seg leverandørar og honorere oppførsel. Dårleg signal at Nord-Norge sin andel av storfekjøttproduksjonen er synkande. Har styret strategi for dette?</li> <li>• Er 23 kg grensa vurdert å innføre igjen? Kvifor mindre bekymringsfullt med større tonnasje gris enn lam i prognosen?</li> <li>• Vektgrense bør innførast for å få bukt med overproduksjonen.</li> <li>• Er korleis overskotet vert utbetalt som er poenget mitt. Skal vere ca 100 mill til etterbetaling i 2017, noko som kjem alle til gode pr volumeining.</li> <li>• Fagutval småfe ynskjer ikkje 23 kg grense pga uro og leverandørflukt sist. Ynskjer heller satsing på prisløype og tidleg levering, samt produktutvikling for lam heile året og gode sesongar.</li> <li>• Føresetnad for auka sal er å finne dei i butikk. Må strekke oss kraftig for å nå målsetjinga om 40 % andel merkevarer. Brei satsing på biff i Rema vart presentert for nokre år sidan. I dag er det ikkje skjedd som forventa. Det same no på Polarlam. Konkurrentane sine produkt vert profilert, framfor Gilde. Kva vert gjort for å få varene våre i butikkane?</li> <li>• Styret bør ha fokus på om vi får att det vi satsar på tilleggsytingar.</li> <li>• Korleis går det med ribbetiltaket, greier vi å levere fersk ribbe i år? Vert tøft for svineprodusentane med redusert pris. Kva har vi att av verkemiddel når vi ikkje lenger får eksportere? Har så langt berre sett litt av effektivitetsauken i næringa.</li> <li>• Kan vi verte kvitt gamle importavtalar på småfe?</li> <li>• Vi taper marknadsandelar på Prior. Kan vi få meir press på kjedespesifikke produkt?</li> <li>• Vanskeleg situasjon på lam. Kva signal sender vi på nybygg? Kvar bedrift må få utvikle seg også. Lite produkt av lam, hadde lammeskav og salta og tørka skiva lammebog tidlegare.</li> <li>• Stadig tilbakevendande sak med EMV. I fjor kjempejobb med medlemar i butikkane for å sjekke pinnekjøtt. Kvifor ikkje bruke medlemane til kampanje for å etterspør merkevarer? Det verkar.</li> </ul> <p>Johan, Hans Thorn og Teig kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b>  <b>Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</b></p>
<p><b>4</b></p>	<p><b>Tema: Årsak og verknad av Nord-Norge trekket</b></p> <p>Hans Thorn orienterte historisk om Nord-Norge trekket og distriktstilskotet. Vidare at distriktstilskotet i Nord-Norge har ein industridimensjon. Siste jordbruksavtale, med utspel og resultat for distriktstilskot egg. Risiko for utspel på distriktstilskot på andre produksjonar. Samvirkeprinsippa.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Svein Slåtsveen, Jan Håland, Berit Hundåla, Per A. Nesjan, Merethe Sund og Einar Kristiansen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ynskjer at plansjane vert utsendt til RU.</li> <li>• Må betale ekstra i frakt på kraftfôr. Då forslaget om å fjerne distriktstilskotet på egg kom, vart det ikkje sett på konsekvensar. Kunne ført til konkursar, og vidare ringverknader. Vi må la styret diskutere Nord-Norge trekket, ikkje rette tida å ta dette no.</li> <li>• Ueinig, er rette tida no. 2015 var bra år på anlegga i Nord. Denne eine krona som utgjer 14 mill, er ingenting for å behandle alle medlemar likt. Dette er virkemiddel for styret til å stimulere kjøttproduksjon i regionen. Treng ikkje blandast inn i forhandlingar.</li> <li>• Var med på årsmøtet i Gilde Norsk Kjøtt i 2003. Forskjell mellom Nord-Norge og resten av landet også på frakt. Vestlandet hadde høgare fraktkostnad enn vi hadde. Rett tidspkt no? Har site i jordbrukets forhandlingsutval, forslag i 2008 om reduksjon på gris. Viste til stor skilnad i byggekostnad. Viljen til å satse ekstra i Nord-Norge er ikkje stor. Prinsipielt</li> </ul>

	<p>lik pris i heile samvirke, men tidspunktet er ikkje rett no. Scenarie er ny grense ved Saltfjellet, og deretter forskyva grenser. Endar opp med kven som skal betale prisskilnaden på kr 1,95? Er det staten eller Nortura? Kan dei midlane brukast annleis for å stimulere produksjonen i regionen? Råd til styret om å la prisen vere, så ta opp saka seinare, basert på utgreiing med fokus på industriulempen, byggekostnad, kraftfør, og kva vert dekt av tilskotsordningane i dag. Bereknast av Nortura, Bygdeforskning, el andre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vert puljetillegga i dag rekna som rettferdig mellom små og store produsentar?</li> <li>• Vert vi i næringa påverka av synet i Trøndelag, mot oss på Helgelandskysten? Vi vert alltid dratt mot der det er ei grense med betre vilkår.</li> <li>• Dette bør styret, og ingen andre, handtere.</li> </ul> <p>Hans Thorn og Teig kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Pål Ove oppsummerte at RU forhold seg i ro vidare, og overlet til styret å ta saka vidare.</p>
<p><b>5</b></p>	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord, samt frå fabrikkane</b></p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om regional mat, m.a. Edelgris frå Vega, Villsau frå Helgelandskysten. Samhandling i verdikjeda viktig. Målsetjinga for Råvare og Medlem region Nord. Rådgevarbesøk så langt i 2016. Utvikling i leveransar av slaktegris, småfe og storfe. Fokusområde i 2017. Fabrikkdirift Karasjok, Målselv og Bjerka i haustsesongen.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Berit Hundåla, Jan Albert Steindal, Bernt Andreassen, Frøydis Forsmo og Audun Johnsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det vurdert å slakte rein ved Bjerka?</li> <li>• Må ha gjennomgang av rutiner for Mattilsynet sin kontroll på fjøsen.</li> <li>• Mogelegheit for varmebehandla produkt av lamma som måtte kasserast? Har Mattilsynet for stor makt?</li> <li>• Mogelegheit for å ta slakta i retur?</li> <li>• Kva vert sjekka av Mattilsynet?</li> <li>• Beklageleg at saka kom opp i Rana blad. Dersom det ikkje var bestilt retur, hadde ikkje saka kome opp. Fekk nei til retur. Vi har krav på oss til å sende friske dyr, i tillegg også dyrebilsjåfør og Mattilsyn som skal kontrollere.</li> </ul> <p>Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>6</b></p>	<p><b>Separate møter for kvart dyreslag</b></p> <p>AU-medlemene for kvart dyreslag orientere frå fagutvala sine, og deretter vart aktuelle saker tatt opp og drøfta.</p>
<p><b>7</b></p>	<p><b>Ny Giv i kretsarbeidet</b></p> <p>Brit Kari orienterte om forslaget, som var utsendt på førehand.</p> <p><u>Gruppeoppgåver:</u></p> <p>A. Vil framlegget om "Ny Giv i kretsane" bidra til auka tilførsel og medlemstilfredsheit? Er det andre tiltak som kan gjere dette på ein betre måte?</p> <p>B. Korleis betre samhandlinga mellom AU-medlemene og deira ansvarskretsar?</p> <p>C. Er du og din krets interessert i å vere pilotområde? Viss ja, ynskjer du at kretsutvalet</p>

arbeider åleine om dette, eller vil det vere tenleg at de samarbeider med andre kretsar? I så fall kva geografisk område bør samarbeide?

Oppsummering frå gruppearbeidet, som vart presentert av AU-medlemene:

**Kretsane 1 Øst-Finnmark, 3 Midt-Finnmark, 5 Vest-Finnmark:**

- A: Ja, men vil krevje ressursar av oss. Auka aktivitet med vekt på fag som t.d. meir framføring av kalv, bruke ressurspersonar i Nortura til fagleg oppdatering vil gje auka tilførslar. Medlemstilfredsheit: Kontakte alle medlemar jamnleg. Møter i kretsutval: Må ha agenda før møtet som vert sendt ut til medlemene, og skrivast referat. Medlemene får følelse av påvirkning, og får tilbakemelding om det som skjer. Betre kommunikasjon vil kunne oppfattast som at ein er ein viktig del av organisasjonen og at ein har påvirkningskraft. Aktiviteten utfordrast med lange avstandar og økonomi. Den økonomiske støtta er noko låg. Kretsleiar ynskjer å ha med seg meir ressursar frå kretsutvalet.
- B: Deltek på Ta Grep-kurs, og innsett at det er viktig å ha kontakt med kretstillitsvalde. Skal ha fellesmøter og fylgje opp kretsleiarane med aktivitetane, og informere oppover og nedover.
- C: Ikkje populært

**Kretsane 6 Nord-Troms, 7 Tromsø/Karlsøy, 8 Lyngen, 9 Kåfjord, 10 Balsfjord/Storfjord:**

- A: Vanskeleg å auke tilførslane meir, 100 % i dag. Vanskeleg å få folk til å møte, må treffe godt på tema, og reiseavstand må vere overkomeleg. Satse på mindre lokale møter, kanskje eit par mindre møter i kretsen framfor eit større. Gjerne få info om kva andre kretsar gjer, for å få inspirasjon. Mogelegheit for innspel til ønska aktivitet elektronisk.
- B: Mail-liste for utsending av info, for enkel kommunikasjon med ansvarskretsane.
- C: Nord-Troms kan vere pilot

**Kretsane 11 Midt-Troms, 12 Astafjord, 13 ETS, 14 Narvik/Ballangen, 15 Ytre Sør-Troms:**

- A: Årshjul med konkrete arbeidsoppgåver er bra for å kome i gang med systematisk arbeid. Vore labert med møter i kretsutval. Forslag om nytt avlønningssystem for kretsleiarar, med kr 1 000 i fast godtgjersle, og heller godtgjersle for arbeid. Mai/juni møtet må vere tidlegare av omsyn til onn. Møter i kretsutval 2 gonger for året.
- C: ETS, Ballangen/Narvik og Ytre Sør-Troms vil vere pilot.

**Kretsane 16 Vesterålen, 17 Andøy, 18 Lofoten:**

- A: Ja! Vert meir bevisst på medlemsarbeid, har sterk konkurranse i kretsen, fordel med faste former og system for arbeidet. Vaske medlemslister ein gong for året er viktig. Lofoten bør med i planlegginga, saman med Vesterålen og Andøya. Årshjulet med lokale tilpassingar er godt hjelpemiddel.
- B: Jamnare kontakt. Sende saklista for AU-møta til heile kretsutvalet, inkl vara. Bruke Facebook til å sende ut info – med filter. Telefon, mail, og nokre møter.
- C: Vesterålen og Andøy, i tillegg til Lofoten for planlegging og strategi i eit område med sterk konkurranse.

**Kretsane 19 Nord-Salten, 20 Midt-Salten, 21 Beiarn, 22 Svartisen:**

- A: Veldig bra med aktivitetskalendar for heile RU-området på årsbasis, enkelt å slå opp. Betre samarbeid kretsane i mellom om fagmøter. Lokale saker som tilførselsarbeid i eigen krets. Ynskjer plan for oppfølging av dei som er på gli for overgang, nokon må følgje opp ved leveranse, for å vise oppmerksomheit. Godtgjersle: Så lite at ein ikkje har tid til å legge nok arbeid i kretsarbeidet.
- B: Mail kan nyttast. Bra med kontaktperson.
- C: Ikkje ynskje om pilotområde.

	<p><b>Kretsane 23 Nord-Helgeland, 25 Vega, 24 Ytre Helgeland:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Alle einige om at forslaget er positivt og vil gje auka medlemstilfredsheit. I området ikkje konkurranse, men nokon legg ned, prøve å følgje opp med rådgjeving til tiltak som sal eller leige for vidare produksjon, for auka tilførsler. Stort behov for betre koordinering. Kan kalendaren på nettesida sorterast på region?</li> <li>• B: Må verte betre, både i AU og krets. Høyrer ingenting i dag, men ikkje sikkert alle er fornøgde.</li> <li>• C: Vega og Nord-Helgeland</li> </ul> <p><b>Kretsane 26 Sør-Helgeland, 27 Bindal, 28 Hattfjelldal, 29 Vefsn/Grane:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Dei som leverer konkurrent har gjort det i lang tid. Årsak er tilgang på oksekalvar. Nokon kan gjerne levere konkurrent. Auke tilførsler med tilgang på oksekalvar. Auka medlemstilfredsheit med auka aktivitet. Betre samhandling mellom organisasjonane. Tillitsvalde kjenner oss litt på sida av adm no, er ikkje involvert og informert om det som skjer. Veldig positivt at det skjer noko, må berre få på plass samhandlinga. Kunnskapsnivå vil auke med fagaktivitet.</li> <li>• B: Telefon, mail, SMS, med kontakt begge vegar. Potten på kr 5 000 kan verte brukt opp på nybrukarar, burde hatt gjennomgang for heile Nortura for felles oppfølging. I vår kommune besøker Landbruksnemnda nybrukarar og dei som har hatt utbygging, med lunsj. Burde Nortura tatt ansvar for og gjort likt.</li> <li>• C: Vefsn, Grane og Hattfjelldal</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innspela frå Regionutvalet oversendast styret.</b></p>
<p><b>8</b></p>	<p><b>Arbeidet i kretsane</b></p> <p>Brit Kari orienterte om kretsmøteplanen 2017, og oppfordra kretsane til å delta i utforminga av møta. Vidare kort orientering om budsjett.</p> <p>Bernt kunngjorde at Vega krets vart premiert som mest aktive kretsutval i 2016 ☺</p> <p><u>Spørsmål/kommentar</u> frå fylgjande: Sissel H. Johansen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Andøy ynskjer kveldsmøte og Vesterålen dagmøte</li> </ul> <p>Brit Kari fylgjer opp dette.</p>
<p><b>9</b></p>	<p><b>Lokale saker/open post</b></p> <p>Sigurd Langfors hadde på førehand meldt inn at det er gjort endring i «Helse- og hygienereglementet for foredlings- og formeringsbesetninger», med innstraming i transporten av livdyr. Dette inneber at transport frå formeiringsbuskap og ut til fleire bruksbuskapar på same bil ikkje lenger er tillatt. Det er behov for ei avklaring korleis livdyrtransporten kan føregå innanfor regelverket. Sigurd meiner at ein «Aksjon Rampe» med føremål å bevisstgjere dei involverte i dyreflyten kan vere ei løysing for fortsatt å få gjennomføre livdyrtransporten som dagens praksis. Også aktuelt for andre dyreslag med bevisstgjerung på dette.</p> <p>Arne Flatmo svarte. Reglementet utarbeidd av Animalia og Norsvin, med endra vilkår no. Ulik praksis mellom regionane, bedt Animalia og Norsvin om presisering. Innstraming vil føre til betydeleg meirkostnad. Aksjon Rampe: Vore tema tidlegare, på tide å ta oppatt no, med positiv inngang. Samarbeid med FK, med premiering av vinnar med dei som har utført tiltak? Ynskjer innspel, t.d. om det skal vere tema på kretsmøta.</p>

	<p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Wanja Rakvaag, Frøydis Forsmo, Berit Hundåla, Bernt Mikalsen, Svein Slåtsveen, Sigurd Langfors og Øyvind Knapstad</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva skjer på Nortura Hærland?</li> <li>• Aksjon Rampe: Forståing for at det er vanskeleg for sjåfør å gje beskjed, men viktig å ta det opp på rett måte. Betre å få forslag om endring for utlasting, enn info om kor mykje betre det går hos andre. Viktig med konstruktive tilbakemeldingar.</li> <li>• Oppfølging av nye brukarar og nye bønder: Har fyrstehjelpsskrin til bruk ved fjøsopning. Burde vore informert om dette, kva er praksis ved fjøsopning og oppfølging av nybrukarar? Viktig at vi slepp å finne opp hjulet på nytt. Send ut info om korleis vi kan gjere stas på dei nye brukarane.</li> <li>• Aksjon Rampe: Utarbeide brosjyre med info om korleis veg og opplastingsforhold bør vere, som transportør kan legge att.</li> <li>• Aksjon Rampe: Kan kretsleiarane bidra i oppfølginga av utlastingsforholda? Ha med brosjyre?</li> <li>• Bestilling av livdyr: Kva forpliktelse påtek du deg ved bestilling av livdyr? Td bestille 5 drektige kviger, nokon bedekker opp og så ombestemmer kjøpar seg, slik at dei går til slakt. Kven dekker tapet mellom livdyrpris og slakt?</li> <li>• Bilane som kjem til gards har vorte større, både mjølkebil, dyrebil og kraftfôrbil, nokre med hengar. Ynskjer rimelegast mogeleg transport, og då må vi legge mest mogeleg til rette for bil og hengar. Tilførselsveg og tilgjengelegheit må inkluderast i planlegging av nye fjøs.</li> <li>• Manglar mal/bruksanvisning for lasterampe og gardsveg? Bør utarbeidast.</li> </ul> <p>Johan, Arne og Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Else Norheim orienterte frå sentral valkomité, og presenterte Einar Kristiansen som er leiar av regionutvalet sin valkomité.</p>
<p><b>10</b></p>	<p><b>Informasjon om prosjekta «Økt grovfôrbasert kjøttproduksjon i Troms og Finnmark» og «Kjøtt i Nordland»</b></p> <p>Kristine Fosli, prosjektleiar for prosjektet «Økt grovfôrbasert kjøttproduksjon i Troms og Finnmark» orienterte om finansiering, organisering, hovudmål, målgrupper, oppfølging enkeltprodusentar, gjennomførte aktivitetar og vidare aktivitetar.</p> <p>Arne Flatmo orienterte frå prosjektet «Kjøtt i Nordland»: Samarbeidspartnarar, finansiering, formål, organisering, faggrupper, auka produksjon og betre kvalitet er i fokus, rekruttering, kurs/møter/arrangement som er gjennomført og planlagt.</p> <p>Ingen spørsmål/kommentarar.</p>
<p><b>11</b></p>	<p><b>Avrapportering frå Vedtektskomitéen</b></p> <p>Brit Kari orienterte om forslaget, som var utsendt på førehand.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Vegard Svensen, Berit Hundåla, Sigurd Langfors, Siri Folven og Jan Storteig.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vert medlemskapitalkontoen automatisk utbetalt til våren?</li> <li>• Kva er dei kr 12 000 på Min side?</li> <li>• Kva skjer med medlemskapitalkonto etter avslutta drift?</li> <li>• Dersom du vert ekskludert, må du vente 7 år for å få ut pengane?</li> <li>• Kva legg de i å drive i konkurranse med Nortura?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bør vere mogeleg å få etterbetaling for det er som er opptent fram til tidspunktet for eigarskifte.</li> <li>• Har de vurdert om ull skal inkluderast i leveringsplikta?</li> <li>• Kor lenge kan ein stå som medlem etter at drifta har opphøyr?</li> </ul> <p>Brit Kari, Johan og Teig kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innspela frå Regionutvalet oversendast Vedtektskomitéen.</b></p>
<p><b>12</b></p>	<p><b>Kjødbransjen vert kraftig utfordra i klima- og helsedebatten. Korleis møter vi dette for å klare å selje kjøtt også i framtida?</b></p> <p>Kjell Rakkenes presenterte overordna selskapskommunikasjon. Føresetnader i endring. Grøn bølge med helse, bærekraft og dyrevelferd. Korleis Nortura arbeider med miljø og klima. Nortura må arbeide i eit nettverk på klimaspørsmålet. Brei tilslutning til landbrukspolitikken. Nortura sine viktigaste omdømmedrivarar. Etikk og samfunnsansvar har størst effekt på omdømmet. Arenaer i samfunnsdebatten som berører Nortura no og framover. Samfunnslisensen til Nortura. Mål for ønska etterlatt inntrykk, samt kommunikasjonsstrategi.</p> <p>Ingen spørsmål/kommentarar.</p>

Bernt Mikalsen  
(sign.)

Siri Folven  
(sign.)

Odd Even Pedersen  
(sign.)